

# KONTAKT

KYRKJEBLADET FOR MELAND · NR. 2 / 21 · 31. ÅRGANG



# Slekters gang

## Døypte

### Meland kyrkje

7.02.21

Nikolai Bø Leira

28.02.21

Magnus Fosse Sørensen

Kristina Sørli

7.03.21

Emilia Lauritzen Nesi

Amalie Barstad Nygård

Henrik Bratshaug

Mikkel Moe Landsvik

28.03.21

Amalie Dale

Thale Instebø Vetås

Adam Aadland-Nielsen

4.04.21

Sofie Vågene Hopsdal

### Åsane kyrkje

18.04.21

Elida Hagen Mjåteit

### Frekhaug senter

25.04.21

Mikal Hegna Dale

Emil Johannes Birkeli

### Gravlagde

### Seim kyrkje

24.11.20 Nils Nesse (f. 1931)

### Meland kyrkje

9.02.21

Solveig Odland (f.1926)

12.02.21

Jan Petter Blom (f. 1944)

4.03.21

Nils Andreas Losnegaard (f.1938)

9.03.21

Sigrid Øksnes (f. 1947)

11.03.21

Elsebeth Louise Helene Hjelm Nesse (f.1941)

18.03.21

Synnøve Solsvik (f.1972)

30.03.21

Bergit Andrine Haugen (f.1939)

30.03.21

Helge Thorsen (f.1947)

### Knarvik kyrkje

23.04.21 Willy Ferdinand Svendsen (f. 1930)

# Ein felles plattform - saman om det viktige

Tekst og foto: Maria Sæle

**Vi driv jo med det same - omsorg! Dette fortel Margareth Fjeldsbø og Mona Flikke engasjert. I mange år har Meland kyrkjelyd samarbeidd med Røde Kors Nordhordland om ei viktig omsorgsteneste: Besøkstenesta. I tillegg samarbeider ein med Frivilligsentralen på Frekhaug. Kontakt har møtt to av dei frivillige i Røde Kors Nordhordland ilag med vår eigen diakon, Ruben Sæle.**

Besøkstenesta organiserer besøk til menneske som ynskjer støtte og oppmuntring i kvardagen. Meir enn 8500 personar over heile landet er med i Røde Kors besøksteneste, og i Meland er det for tida 18 kvinner og menn som er frivillige besøksvenner.

Ein besøksvenn får kontakt med menneske som av ulike grunnar ynskjer nokon å snakke med. Ein er til hjelp og støtte for menneske som kan vere til dømes einsame, sjuke, eldre, unge, åleineforeldre, fleirkulturelle familiar eller menneske med psykisk sjukdom. Dessutan driv ein med ulike formar for kontaktskapande verksemd, som turar, trim, eldrekafear og anna.

Det lyser i augene på Margareth og Mona når dei fortel om arbeidet.

- Eg har vore med som besøksvenn i fem år no, fortel Margareth. Eg melde meg då dei søkte etter frivillige. Då gjekk eg på kurs, og vart godkjend. No leier eg ei gruppe

**ALT I CATERING**

NORDHORDLAND FOLKEHØGSKULE

www.cateringen.com • tlf. 56 17 43 23



**GLØDE**  
Arbeids- og Kompetansesenter

Vi tilbyr utleie av flotte festlokale og har gode cateringtilbod til dåp, konfirmasjon, jubileum og minnesamvær.

Sjå www.glode.no eller ta kontakt på 56 17 58 00



Frå venstre: Mona Flekke, Margareth Fjeldsbø, Ruben Sæle.

som har faste aktivitetar på sjukeheimen på Frekhaug. Til vanleg er vi der kvar onsdag. Vi steiker vaflar, har spelemenn på besøk, syng i lag og sjølvsagt har vi kaffi og matservering. Dessutan kan vi ha bingo eller bowling med bebuarande. Vi har til og med hatt sitteddans, det er veldig populært!

– Det er så fint å vere på sjukeheimen, fortel Margareth. Så godt å gå heim også, med den kjensla av at brukarane vert så glade. Eg vil så gjerne bidra, og når eg ikkje er i arbeid sjølv lenger gir det også meg ei glede.

Margareth fortel også om vaketenesta i Røde Kors, der ho også er med som frivillig: - Me bidreg også i den siste delen av livet, fordi me ynskjer at alle skal få høve til å vere tilag med nokon når det går mot slutten. Når eit menneske ligg på det siste er ein på sitt mest sårbare. Ei hand å halde i, merksem, og å vere til stades kan utgjere stor forskjell for et menneske i den siste fasen i livet.

– Eg er med på det meste, der det er bruk for meg!, seier Mona Flekke engasjert.

Eg spør ho om hennar bakgrunn i Røde Kors, og skjørnar fort at eg snakkar med ei særslig dame. Ikkje berre har ho vore med sidan 1979 - men få kan nok vise til ei breiare erfaring i omsorg. Mona fortel om pionerarbeidet og om oppstart av blodgevartenesta og vaketenesta i Nordhordland, om leiteaksjonar, stands og vaksinelogistikk. Eg vert audmukj.

Mona fortel vidare om samarbeidet mellom Røde Kors og kyrkja:

## BESØKSTENESTA I MELAND

- Samarbeid mellom Meland kyrkjelyd og Nordhordland Røde kors. Frivilligsentralen bidreg også med formidling av behov og frivillige
- Ei gruppe besøksvener besøker sjukeheimen annakvar veke, andre besøksvener besøker einskildpersonar
- Dei som treng utvida sosialt nettverk kan be om ein besøksven
- Besøkstenesta kan også hjelpe med praktiske ting som flytting ol. om ein ikkje får hjelp i eige nettverk
- Dei som har tid og kapasitet til å vere til stades for fleire menneske kan melde seg som besøksven
- Besøkstenesta er frivillig, og besøksvener må ta obligatoriske kurs og vere over 18 år

– Vi jobbar på ein del av dei same områda, og etter litt tid fekk vi til eit godt samarbeid. Vi kjem ut på fleire frontar slik. Vi må jobbe i lag, og slik kan vi hjelpe fleire. Vi har ein

NY STEIN · OPPUSSING · NAVNETILFØYING

**VESTSTEIN**  
**naturstein**

Kontakt oss på forhånd i telefon og gjør avtale  
5918 FREKHAUG - MOB.: 913 13 480

**Hageland**  
Søderstrøm Blomster og Hagesenter AS  
Lyngvegen 1, 5914 Isdalstø  
tlf. +47 56 35 17 65  
mobil +47 926 08 647

**SKARSVÅG**  
Rør og Interiør as

Telefon: 56 17 07 10 Telefaks: 56 17 07 11

Besøksadresse og Postadresse:

Melandsvegen 15, 5918 FREKHAUG

Mandag-Fredag 08.00-16.00 Lørdag : STENGT

For avtale etter kl. 16.00 alle hverdager,  
ta kontakt på telefon: 56 17 07 10

felles plattform, og det må vi bruke til beste for brukarane. Ruben (Sæle) hjelper oss med organiseringa, og det er vi glade for.

Diakon Ruben smiler stort når han også fortel om besøkstenesta og kva som er hans rolle i samarbeidet: - Eg



Besøksvenner på sjukeheimen. Foto: Røde Kors.

koordinerer besøkstenesta i Meland. Dei som ynskjer besøk eller vil vere besøksvenn får kontakt med meg, og eg er med på intervju av nye frivillige. Eg prøver å legge til rette for at det vert ein god match mellom den som ynskjer besøk og besøksvennen. Det er viktig at "kjemien stemmer", slik at besøka vert til glede for begge.

Eg får møte mange av dei som er involverte i eit særsvindfullt arbeid, fortel Ruben. Det er flott at kyrkja kan samarbeide med Røde Kors, som er gode på å arrangere kurs og engasjere. Apparatet rundt er verkeleg profesjonelt.

Margareth og Mona nikkar og legg til: - No i koronatida har mykje vore stengt ned, og vi ventar på å få fortsetje besøkstenesta på sjukeheimen. Mange treng besøk, fordi dei er einsame. Difor treng vi nye besøksvenner, som kan vere pålitelege og bidra med omsorg for eit medmenneske. Ruben fortel til slutt om behovet for yngre besøksvenner, og at det er behov for fleire menn i tenesta.

Vil du vere med? Kontakt Ruben Sæle - sjå kontaktinfo på side 15

# Frekhaug senterkyrkje



Litt av forsamlinga plassert med «korona-avstand».

Tekst: Kristin Blindheim Brakstad  
Foto: Arve Kjell og Anne Sofie Uthaug

«Medan Meland kyrkje vart pussa opp i april og litt uti mai, fekk kyrkjelyden prøve å ha gudstenester sentralt på Frekhaug.

Dei gamle sportsbutikk-lokalene vart gjort om til kyrkje, der Anne Jakobsen sine vakre bilete pryda veggane.



Borna og løva går til løvegjengen på Møteplassen.



Bjørn Tore talar.

**REMA 1000**  
FREKHAUG SENTER  
tlf.: 56 17 60 00

**KIWI mini pris**  
for alle med sans for lavpris  
FREKHAUG SENTER  
Åpningstider: Man-lør: 07.00-23.00

**Meland Auto AS**  
Autorisert bilverkstad  
[www.melandauto.no](http://www.melandauto.no)

**M E C A**



## FAKTA

**Namn:** Laila Tvedt

**Alder:** 59 år

**Bustad:** Tveiten i Alversund

**Yrke:** Arbeider med økonomi og administrasjon

# Frå kyrkjebenken

Tekst og foto: Geir Øy

**Laila Tvedt har i lang tid kjent seg mest knytta til Alversund kyrkje. Etter at det kom kyrkje i Knarvik, har ho også vore aktiv der.**

*- Kor lenge har du vore aktiv i kyrkjelyden?*

Eg blei skikkeleg aktiv først då eg blei med i soknerådet for snart seks år sidan. Før det var eg ikkje ein aktiv kyrkjegjengar. Då gjekk eg helst i kyrkja ved dei store anledningane.

*- Kva set du mest pris på ved kyrkjelyden?*

Eg set mest pris på dei flotte folka eg møter i kyrkja. Eg opplever at folk er så positive. Eg merkar at både tilsette og frivillige er engasjerte i det som skjer i kyrkja og bidrar på flotte måtar.

Av det som skjer i kyrkja, likar eg gudstenestene best. Det er ikkje det same å høyra ei gudsteneste på radio eller sjå på pc. Eg likar godt å delta på songane og i liturgien elles.

Eg var heldig som fekk vera med frå kyrkja var ny, og fekk oppleva den fine utviklinga som skjedde då.

*- Korleis vil du skildra kyrkja?*

I Alversund har me ei fantastisk flott kyrkje. Det er vår lokale kyrkje, som heile bygda set pris på. Anten ein går der sjeldan eller ofte, er kyrkja er eit viktig bygg og ein sentral institusjon for Alversund-bygda.

Etter at det kom kyrkje i Knarvik, ser eg at det er mykje meir ein kan gjera og få til der. Arbeidsforholda blei betre. Dette har gitt rom for det store engasjementet der mange vil bidra. Det siste året med korona har engasjementet til dei tilsette vist igjen i ulike digitale tilbod. I sum vil eg seia at dei to kyrkjene våre er prega av stort og positivt engasjement.

*- Kva salme syng du gjerne for tida?*

«Det være ære» er nok den salmen eg likar best. Den er flott. Mange av dei gamle salmane er fine. Skal eg trekke fram ein, er det «Kjærlighet frå Gud», ein salme som kan brukast til det meste.

*- Kva kjenneteiknar ein god kyrkjekaffi?*

Det er praten og det å treffa folk. Praten er viktigare enn maten. Kjeks går heilt fint, sjølv om eg er glad i kaker. Eg er ofte med å servera kyrkjekaffien, men eg får meg ein god prat med andre likevel.

**KNARVIK SENTER**  
Møteplassen for handel og kultur

**Knarvik Blomsterstove**   
Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø  
Tlf: 56 35 62 20 – [www.knarvikblomsterstove.no](http://www.knarvikblomsterstove.no)



Det nedlagde bedehuset i Sandvikadalen på Hjelmås har fått nytt liv som klubblokale for MC-klubben Holy Riders.

## MC-misjonærane

Tekst: Arthur Kleiveland

Foto: Tore Knudsen og Henning Gjelsvik

Dei er på to hjul for Jesus - med sitt gjenkjennelege korsmerke på ryggen. Den kristne MC-klubben Holy Riders si lokalavdeling i Nordhordland har rundt 50 medlemmer, fordelt på ordinære medlemmer, støttemedlemmer og ungdom.

- I klubben vår finn du alt frå pastor til den vanlege benkeslitar frå ulike kyrkjelydar og forsamlingar, seier Henning Gjelsvik, som er leiar i Holy Riders MC Nordhordland.

MC-klubben er ein tverrkyrkjeleg organisasjon, er alkoholfri og er open for alle – om du kjører sykkel eller ikkje. Etter eit liv i leigde klubblokale, kjøpte Holy Riders i 2001 eit nedlagt bedehus i Sandvikadalen på Hjelmås.

- Dette har blitt eit av dei tøffaste og mest besøkte klubblokala på Vestlandet, seier Henning, som fortel at mellom 70 og 100 gjestar kjem køyrande til klubben sine heilt vanlege tirsdagskaféar. Klubben har hatt 270 motorsyklar på ein kveld, og i eit normalt år utan korona blir det rundt 50 kafé-kveldar.

- Ofte har vi ikkje plass til alle gjestene inne i lokalet vårt, og då blir andakt og anna formidling gjort i innersvingen utanfor.

### Mange klubbar valfartar hit

Hit valfartar MC-folk frå ulike klubbar, der folk kan kosa seg med kaffi og godsaker.



Brørne John Olav (t.v.) og Arvid Aasgard viser fram Holy Riders sitt ryggmerke.



Mange MC-folk frå ulike klubbar valfartar til Holy Riders sine samlingar på Hjelmås.

- Vi er blitt kjende for ekstremt gode og sunne vaflar, seier HR-leiaren med eit smil. Klubben byr på gratis kaffi og HR-bibel (NT for MC-folk). MC-kafeen er open så lenge det ikkje er «kvite» vegar – eller korona-tiltak. Vinterstid held vi oss inne og dei fleste kjem då i bil. Men enkelte meiner ein MC-klubb er for dei på to hjul og køyrer MC.

«På veien for Jesus» - det er Holy Riders sitt motto. Dei medlemmene som har HR sitt ryggmerke på jakka har inngått ein avtale om at dei skal bera den kristne bodskapen ut til andre i MC-miljøet.

- Mange som ikkje kallar seg kristne kjem på tirsdagskaféen, og då blir det gjerne god tid til ein god prat – også om åndelege ting. Det er det mange som er opne for, og ein slik nær samtale er gyllen augneblink, seier Henning.

Han synest mange har fått eit feil inntrykk av MC-miljøet.  
– Her er det eit utruleg godt felleskap, og folk tar vare på kvarandre sjølv om dei ikkje kjem frå same klubben.

### Mykje som skjer

Det er stor aktivitet i den kristne MC-klubben i Nordhordland. I tillegg til den faste tirsdagskaféen, har dei også konserter, basarar, opne og lukka medlemsmøte. Og klubben kører sjølvsagt turar. Det kan vera korte kveldsturar, lengre dags- og helgeturar, og besök til andre MC-klubar.

- Ofte blir turane avslutta på Torget i Bergen, der vi møter mange vener i MC-miljøet. Vi har og fellesturar til ei Gokart-bane, både unge og gamle MC-køyrarar likar litt fart og spenning av og til, seier Henning.

### Ungdommen er med

Lokalavdelinga i Holy Riders har dei siste åra satsa meir på ungdommen, og har oppretta ei eiga avdeling for dei fra 15 til 18 år. Klubben har kjøpt inn head-sett som dei lånar ut til dei som ønskjer lærekøring. Denne ungdomsgjengen møtest også i klubbhuset til uformelle samlingar, gjerne med biljard og pizza.

Pilegrimstreffet er det årlege treffet for medlemmar i Holy Riders på landsbasis. Her samlast mellom 300 og 400 motorsyklistar siste helga i juni. HR Nordhordland, som er ein av dei største HR-klubbane, stilte i fjor med 45 personar i Fyresdal i Telemark.

### Får ryggmerke

Han fortel at Pilegrimstreffet har samlingar for alle generasjonar, konkurransar, felleskjøring og mykje sosialt samver. Her blir det også delt ut ryggmerke til nye «MC-misjonærar».

- Treffet vert avslutta med nattverd. Det å stille seg i kø framfor nattverdsbordet og høyra på lovesongen frå våre MC-vener gir god grunn til ettertanke om kva vi er med på, seier HR-leiaren i Nordhordland.

### HR-leiar Henning kjem med følgjande invitasjon:

- Er du ein av dei som kører MC og ikkje har besøkt oss enno, så stikk innom ein tirsdag kveld. Vi byr på gratis vaffel ved første besøk og ikkje minst eit godt MC-miljø for unge og gamle. For dei som ønskjer meir informasjon - kjør inn på: [holyriders.no](http://holyriders.no) eller på fb-sida vår.



Holy Riders er veldig fornøgd med klubbløkalet sitt i det tidlegare bedehuset, som neste år har 100-årsjubileum.



- Mange kjem på tirsdagskafeen, og då blir det gjerne tid til ein god prat – også om åndelege ting, seier Henning Gjelsvik, leiari i den kristen MC-klubben Holy Riders. Han er glad for den positive måte klubben har blitt tatt i mot av naboe.



**MELAND ELEKTRO**  
AUTORISERT ELEKTROENTREPENØR  
Mjåteitflaten 45 • 5918 FREKHAUG  
Tlf 56 17 87 00 • [post@melandelektro.no](mailto:post@melandelektro.no)  
[www.melandelektro.no](http://www.melandelektro.no)



Diakonane Ruben Sæle og Gudveig Kartveit Sundsbø leier sorggruppa.

## Sorggruppe i Alver

**Eg var usikker på kor mykje eg kom til å fortelje om eiga sorg, men eg visste eg trengte ein stad å få støtte og hjelp til å leve med sorga. Her i gruppa er det lett å dele, det er ingenting som er feil å seie.»  
Deltakar i sorggruppa.**

Kyrkjå i Alver starta denne vinteren eit nytt tilbod. Menneske som har mista ein eller fleire kjære i død kan vere med i ei samtale- og delegruppe. Målet med sorggruppa er at ein saman med dei andre i gruppa kan finne styrke til å leve vidare med sorga. Det skal vere eit rom der ein kan setje ord på

kjensler, tankar og opplevelingar kring sorg og tap.

«Eg var først skeptisk til at dette kunne vere noko for meg. Men eg kjente raskt at her var det godt å vere. Me er alle ulike, men me kjenner oss igjen i kvarandre si historie.» Deltakar i sorggruppa.

Den første sorggruppa har hatt samlingar rundt annakvar veke i Alversund kyrkjelydshus. Samlingane er styrt av tema som deltakarane sjølv vel.

Sorggruppa er eit samarbeid mellom kreftkoordinator i Alver og kyrkjå i Alver.



Oppstart av ny sorggruppe i starten av september

- 8-10 samlingar
- 4-8 deltarar
- 2 leiarar

For meir info/ påmelding kontakt diakonane

Ruben Sæle, 41 38 31 95

Gudveig Kartveit Sundsbø, 93 84 05 87

## Kystpilegrim

Gode krefter i kulturliv og kyrkjå har blåse liv i pilegrimsleia langs kysten nordover til Nidaros. Det blir lagt opp til nøkkelstader langs kysten, og i vårt distrikt er Lygra og Lyngheisenteret eit slikt punkt.

Dei som brukar båt, vil lett kunne besøke fleire nøkkelstader.

Mange arrangement blir knytt til kystpilegrimsleia. På Fedje arbeider dei med planar om eit årleg stemne i august. Dette året gjekk

det ut på grunn av pandemien. Ein finn informasjon om ulike arrangement ved å gå til nettsida: Kystkultur.no. Ei av fanene heiter Kystkulturaktørar. Deretter kjem Kystpilegrimsleia opp som fane.



## TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenker på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde.  
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

**SOS**  
22 40 00 40      **SOS**  
CHAT      **SOS**  
MELDING      **KIRKEN SOS**

**Ikke alle barn gleder seg til ferien**

Gjennom trygg familieopplevelse til familiene som har det vanskelig

Illustrasjonsfoto

SMS BK FERIER til 13130 (200 kr)  
VIPPS en gave til 13130 eller  
gi på konto 3201 52 74165



# Hans Nielsen Hauge i møte med strilane

Tekst: Svein E. Kvamsdal

**Det er i år 250 år sidan Hans Nielsen Hauge vart fødd. Hauge er den enkeltpersonen som har hatt størst innverknad på norsk kyrkje- og kristenliv etter reformasjonen. Han møtte også strilar på sine lange vandringar i landet. Bjørgvin biskop, i motsetning til mykje av presteskapet, forsvarte Hauge.**

Han kom til Bergen sumaren 1798. Her fekk han handelsbrev i 1801, og dreiv verksemd herifrå, til han forlét byen for siste gong truleg i mars 1804.

Det er velkjent at han var ute på lange vandringar, m.a. fleire turar til Trondheim. Han gjekk fort. Nærast småsprang, medan han strikka. Og prata med folk underveis. Attåt det samla han bygdefolket til møte i huset der han overnatta. Likevel nådde han fram til Trondheim på tretti dagar.

Det er ikkje fortalt særleg mykje om kor vidt han gjesta bygdene i Nordhordland. Det interessante for oss kan vera heimturen frå Trondheim 1802. Han gjekk til fots på den gamle postvegen mot Bergen. Etter minnet mitt gjekk postvegen til sjøs frå Eivindvik til Fanebust. Truleg har Hauge stige i land der, og vandra vidare mot Bergen. Også det er eit godt stykke til fots, så han må ha teke inn hjå ein og annan underveis. Han hadde ei fabelaktig god evne til å koma i prat med folk, og halda praten gåande.

I 1816 skreiv H.N. Hauge eit skrift - «Reiser, viktigste Hendelser og tildragelser». I dette skriftet fortel han m.a. om folkelynnnet i dei

ulike bygdelaga han gjesta, og om klesdraktene deira. På denne tida var det vanleg å gå kledd i drakter med kvar sine særkjenne i ulike område av landet. Om Trondhjems stift skriv han m.a. «... jeg syntes også, at der omkring på Landet var paa den Tid en passende Klædedragt, thi ikke var den som de grove Strileklæder...» I merknadene bak står det: «.. de grove Strileklæder» - Befolkingen omkring Bergen, særleg på øyene, de såkalte strilar, brukte i begynnelsen av 19. århundre for det meste en mørk dragt, med støvler, vide bukser og kofte, undertiden sko og strømper». Han møtte mykje fattigdom, og seier at «hos Strile-folket på Bergens-kanten var det nærmest slumtilværelse uten oppdrift».

Omtalen av «de grove Strileklæder» viser tydeleg at han har møtt på folk frå Strilelandet. Men veneflokkar av det «haugianske» slaget har eg ikkje funne omtala her.

Det næreste me kjem er Voss. I mars 1801 var Hauge på vandring gjennom Valdres og vidare til Voss. Der braut det ut vekking. Eit venesamfunn voks fram og fekk ein sterk posisjon. Dei tre prestane på Voss var av den rasjonalistiske typen. Dei gjekk offentleg til åtak på dei vakte. Presten Peter Hount sende endå til inn klage til Stiftsdireksjonen om det nedbrytande undermineringsarbeidet som dei religiøse fanatikarane dreiv i soknet. Då kom biskop J.N. Brun på banen. Han tok desse prestane kraftig i skule, og samlingane fekk halda fram utan innblanding frå nokon prest. Hauge tenkte at det truleg var «den veltenkende mann» på Bergen



Det einaste kjente portrettet av Hans Nielsen Hauge, malt i København av ukjent kunstnar ca. 1800. Henta frå Wikimedia Commons.

bispestol som hadde vore ute med eit myndig ord om å la dei vakte få vera i fred.

Han var den einaste av dei fire biskopane som avgjort heldt si hand over Hauge. Det viste seg då biskopane i 1804 skulle senda inn kvar si fråsegn om Hans Nielsen Hauge og tilhengjarane hans til kanselliet. Der skriv han: «Jeg kan ikke se, at der finnes nogen grunn til å laste disse kristne mennesker. De merker seg ut ved ikke å banne, ikke å lyve, ikke å svire.. Hva grunn skulde jeg have til å laste disse kristne dyder? Her lever de sitt stille liv. De nyter nattverden som andre. De går flittig i kirke. Ja, det er nu rent forunderlig: Vil en mann kalle inn til aftensang av et annet slag i sitt hjem med dans og drikke, så kan han uten videre be sine venner komme. Hverken prest eller lensmann hindrer ham. Men om den sammemann ber de samme gjester komme i sitt hjem til bønn og bibellesning, da er de der - begge autoriteter...»

**HELLAND  
ELEKTRO AS**

HOVEDKONTOR: LINDÅS  
TLF: 56 34 24 30  
www.helland-elektro.no

AVD. KONTOR: OSTEREIDET  
TLF: 56 34 24 45

**HELÅS AS**

- Gravminner og benkeplater
- Salg av nye steiner
- Vedlikehold
- Reprasjoner (nytt gull eller lakk)
- Navnetilføyelse
- Arbeid på kirkegårder (rette opp og sikre steiner)

Bare ta kontakt dersom du har spørsmål.  
Tlf 93 03 75 94 / 56 37 35 45

**GÅRDBRUKERSERVICE**

LANDBRUK & MARINA

Etablert 1981

# Ropet og håpet

Tekst og foto: Solveig Westermoen

## Å gje ut musikk i pandemtid er ikkje berre enkelt, men Stine Karin Sæle frå Knarvik vil gjerne formidle håp.

Redaksjonen møter Stine Karin Sæle heime i Knarvik, i rekkehjuset ho deler med mannen sin, Torbjørn Sæle. Nokre av Kontakt sine leesarar kjenner kanskje Stine Karin att frå den digitale konserten ho heldt i Knarvik kyrkje påska 2020. Denne og andre sjølvskrivne songar er no blitt publiserte på EP gjennom produksjonsselskapet Gilead i Oslo.

Stine Karin er oppvachsen på Holsnøy. Ho har alltid vore interessert i song og musikk, og lærte seg å spele gitar i 10.klasse. Ho opplevde i ungdomstida at ho mista frimodet til å syngje. Det fann ho ikkje att før i vaksen alder. Musikken hadde ho likevel med seg, og ho byrja å skrive tekstar og eigne songar. Å dele dei med andre var vanskelegare, men no har ho tatt steget.

Tekstane til Stine Karin er prega av trua hennar. Ho likar historiene i Bibelen, og prøver med songane sine å vise at dei er relevante for oss i dag. Ho vert og inspirert av menneske ho har møtt og historier ho har hørt.

Tre av songane er på norsk. Den fjerde, "Psalm 13" er på engelsk. Der har Stine Karin tatt den engelske teksten direkte frå Bibelen og laga melodi til denne.

Tittelen på EPen vart til i dialog mellom Stine Karin og mannen, Torbjørn. Med utgangspunkt i klagesalmen Salme 13 tenkte Torbjørn at "Rop" var ein naturleg tittel. Stine Karin ville og at kontrastene og dualiteten i songane skulle speglast i tittelen, og dei kom fram til at eit rop utan håp ville vere håplaust. Våre rop og bøner til Gud er baserte på håpet og trua på at Han vil oss vel. Denne trøysta ynskjer Stine Karin å formidle i songane sine.


ProsesSEN frå gitarspeling i stua heime til ferdig EP på strømmetenester som t.d. Spotify har ikkje vore heilt enkel i denne tida. Stine Karin måtte reise til Oslo for å spele inn vokalstemma, koringa gjorde ho heime på kontoret, musikarane fekk ho i liten grad treffe, og tallause filer og versjoner har blitt sende gjennom eteren mellom ho og produsenten.

Sjølvsgatt skulle ho ynskje at lanseringa av EPen skulle vore følgd av konsertar med publikum. Som alle andre har ho eit håp om at sommar og vaksinering vil opne for fleire samlingar. Kanskje kjem ho og har ein hagekonsert nær deg?

Enn så lenge, hald ut!



Stine Karin Sæle.



"Ropet og Håpet", Coverart: Gunhild Sannes Larsen.

**Hald ut, hald ut! Det tørre land skal vætast.  
Noko nytt får springa ut.  
Ei kjelde som gjev liv, ei elv av nytt giv.  
Så hald ut, hald ut.**

Frå songen "Hald ut" av Stine Karin Sæle.

# Pinse – meir enn ein ekstra fridag?

Tekst: Magne Bjørndal


Foto: Gunvor Taule Mjanger

**Anten dei har mykje eller lite kontakt med kristne miljø, så veit dei fleste nokolunde kva som er bakgrunnen for at vi feirer jul. Kunnskapen om påska er det kanskje litt verre med, men der òg er det ein god del som iallfall har ei viss peiling. Pinsa derimot, den er det mange som ikkje har noko anna forhold til enn at den fører til ein ekstra fridag.**

Pinsa vert gjerne rekna som kyrkja sin fødselsdag. Det er fordi den markerer at det som hende i jula og påska er for alle, ikkje berre for dei som opplevde hendingane den gongen på nært hold. Jesus var – som oss – eit menneske på ein bestemt stad til ei bestemt tid. I og med pinsa kan han vera over alt, heile tida. Jesus var ikkje berre i Palestina ein periode rundt år null, han er her, no, alle stader der bibelordet vert lese og forklart, bøner vert bedne, nattverdmåltidet vert delt og menneske tek del i det kristne fellesskapet, (jf Apg 2,42). Det er alt dette som eigentleg er kyrkja. Den kan framstå som kyrkjebygg, eller som diskusjonar om homofili og andre ting som folk er ueinige om, eller som ein vriddem av forsamlingar og kyrkjelydar. Den er saktens det òg, men først og fremst er den ei verdsvid samanslutning av alle som høyrer Jesus til.

Paulus skriv: «Liksom kroppen er éin, endå han har mange lemer, er alle lemene éin kropp, endå dei er mange. Slik er det med Kristus òg. For med éin Ande vart vi alle døypte til å vera éin kropp, anten vi er jødar eller grekarar, slavar eller frie, og alle fekk vi éin Ande å drikka.»

(1 Kor 12,12-13) Mange kroppsdelar med ulike former og funksjonar, men likevel éin kropp – slik er kyrkja.



Fondveggen i Ostereidet kyrkje.

“Men Talsmannen, Den heilage ande, som Far skal senda i mitt namn, han skal læra dykk alt og minna dykk på alt det eg har sagt dykk.” (Joh. 14.26)

«Anden, vår trøyst, levande, varm og heilag og sterk, talar om Gud, leier oss fram dag etter dag. Herren vår Gud vil vi takka.» Nr 240, 3 i Norsk salmebok.

Dette kan du tenkja på, ikkje berre i pinsehelga, men elles og. Og kanskje – viss smittesituasjonen gjer det forsvarleg – kan du oppsøkja ei gudsteneste, og vera med på feiringa av den mangfaldige kristne einskapen.

**Arbeidsbåten MS Glimt klar for oppdrag**

Allsidig arbeidsbåt som kan frakte materiell og utstyr til din kai eller i fjæresteinene der du trenger det.

Båten har alle sertifiseringar i orden, den er også godkjent som slipesåt.

MS Glimt er har et dekkskareal på 22 m<sup>2</sup>, og en kapasitet på 3 tonn. I tillegg er det en kran med 8 tonn løftevikt. Båten har også et kjettersampe som kan legges ned for å frakte f.eks. minigraver, ATV, motoriserert trillebår, lift, stiller eller lignende. Båten stikker 1 m djupt.

Ta kontakt på nr. 4013 6666

**Bøvågen Service AS**  
Bøvågenvegen 16, 5934 Bøvågen  
Tlf. 4013 6666

**BØVÅGEN SERVICE**

**Bygg Team VEST AS**

Alt innan tømrarfaget!

**RISNES ELEKTRO AS**

Elinstallatør • tlf. 56349620



**Marta Grønstad Hvidsten**

bur på Kviste på vestsida av Radøy. Saman med mannen sin, Roald, driv ho eit Inn-på-tunet-gardsbruk med villsau og lama, og dei dyrkar ulike urter, frukt og grønsaker. Dei er fosterforeldre, er begge utdanna lærarar, og er levande opptekne av å hausta frå naturen rundt seg både på sjø og land. Dei har vore aktive i kyrkjelydsarbeid m.a. med barnekor og i sokneråd, og Marta har jobba mange år som kyrkjetenar.



## OPPSKRIFT

# Smuldrepai og råsaft av rabarbra

Rabarbra er det mange av oss som har i hagen sin, og det er ein av dei fyrste vekstene ein kan hauste om våren. Ein kan ete rabarbra gjennom heile sommaren, om ein kuttar stilkane tidleg. Slik unngår ein å få gamle og trevlete stikkar med høgt innhald av oksalsyre.

Frå min barndom var det rabarbradessert og suppe som var mest vanleg å lage av rabarbra, og det gav alltid ein smak av sommar. Når eg no som voksen haustar rabarbra er det som oftast for å lage råsaft eller rabarbrapai. Og her fylgjer oppskriftene på desse:

### Råsaft av rabarbra

6 liter oppkutta rabarbra  
4 liter vatn  
ca. 20 gr. sitronsyre  
600 gr. sukker

Bland saman rabarbra, vatn og sitronsyre i ei bøtte. La stå kaldt i tre døgn.

Sil av safta. Rør inn 600 gr. sukker.  
Frys ned i kartongar eller flasker.



### Smuldrepai med rabarbra og urter:

- 100 gr. margarin
- 1 dl. solsikkekjernar
- 1 dl. havregryn
- 1 dl. kveitemjøl
- 1 dl. sukker
- 6-8 dl. rabarbra
- 3-4 s.s. urter (sitronmelisse, eplemynte eller kvann passar godt til rabarbra)

Smelt margarin, og bland i alt det tørre. Rør godt saman.

Smør ei ildfast form/paiform.

Kutt opp rabarbra og friske urter. Legg dette i botnen av forma.

Dryss smuldredeigen over. Ha event. litt perlesukker på toppen.

Steik ved 200 grader i ca. 20 min.

Server med is, vaniljesaus eller krem.

**HEDER**

NORDHORDLAND BEGRAVELSESBYRÅ

ALLTID HÉR FOR deg

DU NÁR OSS PÁ TLF. 56 37 14 10 - 56 99 25 70

Kyrkevegen 1 Havnevegen 31 Elvavegen 1  
Alversund Frekhaug Dalekvam

VATNE  
begravelsesbyrå

DAHLS

Tlf: 56 35 09 10 (24t)  
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsbø  
[vatne-byra.no](http://vatne-byra.no)

# Song og sosialt på småbarnstreff

Tekst og foto: Solveig Westermoen

Ein tysdag i april snik Kontakt sin utskremde journalist seg inn i det midlertidige kyrkjelokalet på Frekhaug.

På matter på golvet sit mødre og born og smiler. Saman med dei er kyrkjelydspedagog Anne Marit Fosse Dahle, som leier småbarnstreffet.

Dei syng nokre songar før Anne Marit reiser seg, set på musikk og finn frem såpebobler. Dei større borna reiser seg og strekkjer seg etter regnbogeboblene som flyg ikring. Dei minste fylgjer boblene med augene, og kvepp til når ei lander på nase eller kinn.

Småbarnstreffet til Meland kyrkje er eit populært tilbod til dei minste i lokalmiljøet og eit viktig samlingspunkt for små og store. Kvar tysdag og nokre torsdagar samlar Anne Marit ei gruppe foreldre og barn til babysong og sosialisering på Frekhaug Senter.

Dei små som er med, dekkjer eit alderspenn frå vesle Lauritz på 10 veker til Lars Magnus på 14 månader. Nokre ligg på matta og er mest opptekne av mamma, medan dei eldre kryp rundt. Mødrene fortel litt om korleis det har vore å ha fødsel og permisjon i dette siste annleisåret. Fleire har kjent på sakin etter sosialt fellesskap. Dei fleste fekk ikkje besøk i barseltida, og besteforeldre og oldeforeldre måtte vente. "Guten vert jo konfirmant før oldemor får sjå han", seier ei av mødrane.

"Eg har jo lyst å vise fram babyen min", seier ei anna.

Mødrene har ikkje fått tilbod om barselgrupper og føler dei små har gått glipp av viktig sosialisering med andre born. "Første gong vi var med på småbarnstreff, gret jenta mi heile tida. Ho var så redd dei andre babyene", fortel ei mor. No kryp same jenta rundt og er nysgjerrig på dei andre, grip etter leikane, og viser at ho er trygg og glad.

"Kva har vore fint med denne perioden?", spør vi.

"Det har vore godt med ro og tid til å bli kjent med babyen". "Eg hadde problem med amming, og då var det greit at det ikke rann inn med besøk dei første vekene". "Far har hatt heimekontor, og det har vore trygt og godt å ikkje vere åleine med babyen."

Sjølv om dei er takksame for gode stunder er alle samde om at dei lengtar etter eit meir ope samfunn. "Vi kjem snart!" seier dei til familie og andre kjente!



Mødre og born på småbarnstreff.



Anne Marit Fosse Dahle leier babysongen.

Påmelding og kontakt: Facebook-gruppa "Småbarnstreff på Møteplassen" eller epost til Anne Marit F Dahle: ad423@kyrkja.no



Familie i øvre Egypt ser på TV. Foto: NMS.

# Håp gjennom TV

## KYRKJELYDEN SITT MISJONSPROSJEKT

Tekst: Åshild Bjørkum Furukawa for misjonsutvalet

**Misjonsprosjektet vårt i Meland opnar eit vindauge, spesielt mot Midtausten. Det er fleire mindre prosjekt innan dette området, med diakoni, undervisning og evangelisering. Men det som me ser størst resultat av og som når lengst ut er det arbeidet som me får vera med på gjennom den kristne satellitt-fjernsynskanalen SAT-7.**

Som kristne er me med i eit verdsvidt fellesskap. Når me samlast til gudsteneste er me saman om noko som går føre seg over alt i verda, men under mange ulike vilkår. Me prøver å sjå dei andre, læra og bli inspirert av dei, be for dei og hjelpe til der me ser det trengst på ulike måtar.

Sjølv om 2020 har vore eit vanskeleg år for folk og land over heile verda, opplevde SAT-7 rekord-mange tilbakemeldingar på fjernsynssendingane sine. Ein ting er at dei har drive aktiv informasjon om Covid 19, der lækjarar har svart på spørsmål i direkte-sendte program. Men det ser og ut som det var eit år då Gud arbeidde også på uvanlege måtar.

Rapportar viser at håpet me har i Kristus har rørt fleire menneske enn nokon gong, i Midtausten og Nord-Afrika.

Det har vore uvanleg mange spørsmål og samtalar gjennom telefon, tekstmeldingar og sosiale media. Auken har vore størst for dei kanalane som har vend seg til tyrkiske sjåarar, arabisk-talande born, og på utdanningskanalen SAT-7 ACADEMY. Sidan mange millionar born i skulealder har mått halda seg heime, har det vore stort behov for gratis utdanings-materiell, og det har vore ein stor auke i produksjonen av «My School», som er eit heimeskule-tilbod.

I ei tid der mesteparten av verda er stengt ned, har det aldri vore viktigare med dette arbeidet enn no. Folk sit heime med portforbod, og har masse tid til å sjå på TV. Nokon tenkjer at Covid-19 er Guds straffedom og treng høyra ein alternativ bodskap om trøyst, nåde og frelse. Framleis er mange kyrkjer stengde i MENA (Middle East and North Africa) og mange har ikkje høve til å følgja gudstenester på strøyme-tenester. Men Satellitt-TV har dei fleste!

### Korleis støtte misjonsprosjektet:

- Takkoffer og informasjon på mange gudstenester i året.
- På [NMS.no/menighet](http://NMS.no/menighet) kan du søke opp Meland kyrkjelyd sitt prosjekt

Foto: A.K. Uthaug



Arvid Sakseide dirigerer, Håøytoppen mai 2009.

### Takk for tonar, truskap og fellesskap!

Arvid Sakseide døydde 10.12.20, 75 år gammal, etter å ha blitt sjuk i august. Arvid var organist i Meland fra 1976 til 2010. Stillinga hans auka i takt med behova i kyrkjelyden, sidan Meland etter kvart vart eige prestegjeld og fekk gudstenester kvar sundag, og både folketalet og aktiviteten heldt fram å auka.

Arvid var ein god kollega for kyrkjestaben og ein venn av mange i kyrkjelyden. Han hadde ein stor kjærleik til den kristne songskatten, og ein lidenskap for klassisk kyrkjemusikk. Han var kantor i den rette meinингa av ordet, ein stødig gudstenesteorganist som leia kyrkjelyden i salmesongen med stor musicalitet. Det vart driv over salmesongen i Meland, og dette vart lagt merke til. Arvid såg stort på tenesta som organist, og var alltid godt førebudd. Han øvde og framførte mange postludium til stor glede for forsamlinga. Som dirigent for Meland kantori, frå 1992, evna han å skape både musikk og fellesskap, til glede for mange Melandsfolk langt utanfor den vanlege gudstenesteforsamlinga. Kantoriet vart eit viktig kristent miljø for medlemmene, med godt samhald.

Arvid var svært aktiv med å arrangere konserter, musikkandakter og salmekveldar, også ein del store og allsidige prosjekt. Han la alltid vekt på å trekke mange ulike lokale song- og musikkrefrefter med i gudstenester og konserter. I 1995 fekk han Meland kommune sin kulturpris, mellom anna for å trekke fram unge musikarar.

Arvid var systematisk, godt førebudd, samvitsfull og veldig grei å samarbeide med, ærleg og engasjert. Og makan til språkleg medviten målmann! Det var bruk for han til dette i kyrkjebladarbeid og anna. Samtidig kunne språkgleda hans utfalte seg i mykje humor i ordspel og kjappe replikkar, og i kryssordforming.

Vi la også merke til at han brukte pensjonstida godt, med omsorg for andre menneske, saman med kona Marit. Vi saknar Arvid i forsamlinga, på kyrkjekontoret, i bygda. Vi lyser fred over Arvid Sakseide sitt minne.

På vegne av Meland kyrkjelyd, Anne Sofie N. Uthaug

**Det vert planlagt ein  
minnekonsert for  
Arvid Sakseide til hausten.**



Følg oss på Facebook:  
@melandkyrkja



**Helge Taranrød**  
Prost  
ht759@kirken.no



## DEN NORSKE KYRKJA

Meland kyrkjelyd

Besøksadresse kontor og  
Møteplassen:

Havnevegen 31, Frekhaug  
Postboks 117, 5906 Frekhaug

### Opningstid:

Kontoret på Frekhaug er oftaast  
bemannata man-fre 08.30-15.00.  
Ta kontakt for avtale.

**Telefon:** 4000 1691  
kvar dag kl 10.00 - 14.00.  
post.meland@kyrkja.no  
www.melandkyrkja.no

**Facebookside:** Meland kyrkjelyd

**Kontonummer:** 3632 07 04019

**Vipps:** 59301  
Hugs å merka kva betalinga gjeld.

**Alver kyrjelege fellesråd**  
Lonsvegen 1, 5914 Isdalstø  
post.alver@kyrkja.no  
www.kyrkja.no/alver

**Kyrkjeverje:** John Fredrik Wallace

**Leiar i fellesrådet:** Grethe Lunde,  
gr-lunde@online.no

**Soknerådsleiar:**

Kristin Brakstad Traa, 959 10 883,  
kristin@brakstadtraa.com

**Kontakt**

**Utgjevar:** Soknerådet i  
Meland sokn, i samarbeid med  
Osterfjorden sokn, Mo sokn,  
Knarvik sokn og Radøy sokn.

**Redaktør:** Gunvor Taule Mjanger

**Lokal redaksjon:** Kristin  
Blindheim Brakstad, Solveig  
Westermoen, Anne Sofie N.  
Uthaug

**Grafisk design:** Simen Søvik

**Trykk:** Bodoni AS

**Framsidebilete:** Sokneprest Bjørn  
Tore Sæle under gudsteneste april  
2021. Foto: A.K. Uthaug



**Bjørn Tore Sæle**  
Sokneprest - 450 35 084  
bs694@kyrkja.no



**Ruben Sæle**  
Diakon med ungdomsfokus  
400 01 691 - rs433@kyrkja.no



**Anne Sofie Nergård Uthaug**  
Dagleg leiar - 404 62 647  
au887@kyrkja.no



**Anne Marit Fosse Dahle**  
Kyrkjelydspedagog - 400 01 691  
ad423@kyrkja.no



**Håkon Økland Kinsarvik**  
Spesialprest - 976 44 169  
hk482@kirken.no



**Mounir Sarhan**  
Kyrkjeterar - 471 91 961



**Trond Fykse**  
Kyrkjelydsmusikar - 400 01 691  
tf788@kyrkja.no



**John Fredrik Wallace**  
Kyrkjeverje  
jw734@kyrkja.no



**Linda Gripsgård Lunga**  
Konsulent - 400 01 691  
ll362@kyrkja.no



## Meland

# GUDSTENESTE-KALENDER

### 6.juni

Kl.11.00 v/Bjørn Tore Sæle  
Tårnagentgudsteneste  
Offer til kyrkjelydsarbeidet

19.30 Kveldsgudsteneste  
v/Ruben Sæle og Bjørn Tore  
Sæle. Nattverd. Takkoffer til  
kyrkjelydsarbeidet.

### 13.juni

Kl.11.00 v/Håkon Økland  
Kinsarvik. Skaperverkets dag.  
Dåp og nattverd  
Takkoffer til Kirkens SOS i  
Bjørgvin

### 20.juni

Kl.11.00 v/prest Magne  
Bjørndal  
Nattverd  
Takkoffer til NKSS

### 27.juni

Kl.11.00 v/Håkon Økland  
Kinsarvik  
Nattverd  
Takkoffer til Det Norske  
Misjonsselskap

### 4.juli

Kl.11.00 v/Håkon Økland  
Kinsarvik  
Nattverd  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

### 11.juli

Kl.11.00 v/Håkon Økland  
Kinsarvik  
Nattverd  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

### 18.juli

Kl.11.00 v/Håkon Økland  
Kinsarvik  
Nattverd og dåp  
Takkoffer til HimalPartner

### 25.juli

Kl.11.00 v/Bjørn Tore Sæle  
Nattverd  
Takkoffer til Det Norske  
Misjonsselskap

### 29.juli Fjon fjellkyrkje

Kl.19.00 v/Bjørn Tore Sæle.

### 1.august

Kl.11.00 v/Bjørn Tore Sæle  
Nattverd og dåp  
Takkoffer til Normisjon

### 8.august

Kl.11.00 v/Bjørn Tore Sæle  
Nattverd  
Takkoffer til Det Norske  
Misjonsselskap

### 15.august

Kl.11.00 v/Bjørn Tore Sæle  
Nattverd og dåp  
Takkoffer til Himalpartner

### 22.august

Kl.11.00 v/Håkon Økland  
Kinsarvik  
Oppstartsgudsteneste,  
ranselbøn, Løvegjeng  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

### 29.august

Kl.11.00 v/Bjørn Tore Sæle

### 5.september

Kl.11.00 v/Bjørn Tore Sæle  
Søndagsope  
Nattverd og dåp  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

### 11.september

Kl.10, 12 og 14:  
Konfirmasjonsgudsteneste  
v/Bjørn Tore Sæle og Anne  
Marit Fosse Dahle  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

### 12.september

Kl.11 og kl. 13:  
Konfirmasjonsgudsteneste  
v/Bjørn Tore Sæle og Anne  
Marit Fosse Dahle  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

### Kl.19.30 Kveldsgudsteneste

v/Håkon Økland Kinsarvik  
Nattverd  
Takkoffer til kyrkjefondet

### 18.september

Kl.10, 12 og 14:  
konfirmasjonsgudsteneste  
v/Håkon Økland Kinsarvik,  
Anne Marit Fosse Dahle og  
Ruben Sæle  
Takkoffer til kyrkjelydarbeidet

### 19.september

Kl.11.00 v/Håkon Økland  
Kinsarvik  
Nattverd.  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet



Pussing av golv i Meland kyrkje. Robin Jensen fra Hordaland gulvservice. Foto: A.S.Uthaug.